

Dobbeltforsikring – ansvar for same tap

Innleiing

Det er mange og komplekse forsikringsprodukt på marknaden, og ein kan vere forsikra så vel gjennom eigne forsikringar som forsikringar teikna av andre. Eit slikt bakteppe gjer det lett for å vere dobbeltforsikra, altså å ha fleire forsikringar som dekkjer det same tapet, og som samla gjev større dekning enn tapet.¹ Samstundes er det eit grunnleggjande prinsipp i skadeforsikringsretten at den sikra berre skal ha dekt tapet sitt ein gong. Når den samla dekninga overstig tapet, kan den sikra altså ikkje nytte dekninga si fullt ut. I staden får ein spørsmål om kva for eitt av selskapa som skal erstatte tapet den sikra har lide, og om og eventuelt korleis tapet skal fordelast mellom dei ansvarlege selskapa. Det er emne for ph.d.-prosjektet mitt.

Spørsmåla er regulerte i forsikringsavtalelova² § 6-3 og den nordiske sjøforsikringsplanen § 2-6 og § 2-7. Begge leier som utgangspunkt til solidarisk ansvar mellom selskapa, valrett for den sikra med omsyn til kva forsikringsdekning han skal utnytte og etterfølgjande samhøveleg utlikning av tapet mellom selskapa etter omfanget av ansvaret deira overfor den sikra.³ Forsikringsavtalelova er ufråvikeleg til skade for den sikra ved forbrukarforsikring og forsikring av mindre næringsverksemder, jf. § 1-3. Ved forsikring knytt til større verksemder eller visse bransjar og under sjøforsikringsplanen har selskapa derimot tilgang til å avtale seg vekk frå dobbeltforsikringsreguleringa gjennom vilkåra i den einskilde avtalen.⁴ Med desse utgangspunkta på plass, kan det vere på tide å presisere nærare kva eg skal undersøke i prosjektet. Dei tre sentrale problemstillingane, er:

- korleis må forsikringskonstellasjonane vere for å innebere dobbeltforsikring?
- korleis kan ein gjennom utforminga av den einskilde forsikringsavtala unngå dobbeltforsikring eller påverke korleis tapet skal fordelast mellom forsikringsselskapa som er ansvarlege som følgje av dobbeltforsikring?
- korleis skal tapet fordelast mellom dei ulike forsikringsselskapa?

¹ Somme nyttar «dobeltforsikring» også om tilfelle utan overforsikring, sjå Svante Johansson, *Varuförsäkringsrätt*, Jure förlag 2004 s. 421 med vidare referansar. Fordi dei interessante spørsmåla knyt seg til tilfelle med overforsikring, og det er grunn til å kunne avgrense dobbeltforsikringstilfella mot t.d. lagdelte forsikringar, tek eg med karakteristikken overforsikring.

² Lov 16. juni 1989 nr. 69 om forsikringsavtaler.

³ Tesen min er at det er ulovfesta, parallelle reglar som kjem til bruk om forsikringsavtalene verken er underlagde forsikringsavtalelova eller sjøforsikringsplanen.

⁴ Forsikringsselskapa kan dessutan gjere avtale seg imellom om tapsfordelinga.

På eit noko meir overordna plan, vil eg dessutan undersøke kva likskapar og særtrekk dobbeltforsikringsansvaret og dobbeltforsikringsregressen har samanlikna med anna solidarisk ansvar og regress.⁵

Prosjektet er rettsdogmatisk. Målet er å klarlegge gjeldande norsk rett knytt til dobbeltforsikring, identifisere eventuelle spørsmål som lyt vere opp til lovgjevaren eller domstolane å ta stilling til, og i det tilfelle søkje å bidra til verktøy for deira vurderinga av kva standpunkt som er riktig. Analysen vil femne om dobbeltforsikringsreglane i forsikringsavtalelova, dobbeltforsikringsreglane i sjøforsikringsplanen og dei ulovfesta reglane som kjem til bruk når forsikringsavtalene verken ligg under forsikringsavtalelova eller sjøforsikringsplanen.

Dei nordiske forsikringsavtaleloven frå rundt 1930 vart utarbeidde gjennom nordisk lovsamarbeid og hadde store likskapar. Dagens forsikringsavtalelover er derimot ikkje utarbeidde gjennom slikt lovsamarbeid og har større ulikskapar. Reguleringa av kva som er dobbeltforsikring, synest likevel materielt, om ikkje språkleg, lik i den norske, svenske⁶ og danske⁷ forsikringsavtalelova.⁸ Det gjeld også utgangspunkta om solidarisk ansvar, valrett for den sikra og samhøveleg utlikning mellom selskapa, sjå forsikringsavtalelova § 6-3, försäkringsavtalslagen 6 kap. 4 § og forsikringsavtaleloven § 41 flg. Forskjellen ligg i tilgangen til å avtale seg vekk frå lova si løysing. Medan den danske forsikringsavtalelova er generelt fråvikeleg, jf. § 3, er det ikkje tilgang til å avtale seg vekk frå dobbeltforsikringsreglane i den svenske forsikringsavtalelova anna enn ved forsikring knytt til visse bransjar, jf. 1 kap. 6 § og 7 §. Den norske forsikringsavtalelovas karakter av å vere ufråvikeleg til skade for visse sikra og fråvikeleg til skade for andre sikra, jf. § 1-3, kjem i ein mellomposisjon.

Både det tidlegare tette bandet mellom forsikringslovgjevinga i dei tre landa og dagens store likskap mellom dobbeltforsikringsreglane i dei tre landa gjer bruk av danske og svenske

⁵ Mellom anna inspirert av Alexander Unnersjö, *Regress : Begreppet regressrätt och solidarregress*, Jure förlag 2021, som viser at det ikkje finst eitt, men fleire regressomgrep, slik at ein lyt avgjere kva omgrepet inneber gjennom tolking i den einskilde konteksten (sjå t.d. s. 104). Unnersjö viser også at krav ikkje berre er avleia eller sjølvstendige, men kan ha visse avleia og visse sjølvstendige kravsegenskapar. I staden for å finne svar berre knytt til typetilfellet, tek han til orde for å sjå på kva *karaktistikkar* ved typetilfellet som tilseier den einskilde løysinga (sjå s. 275).

⁶ Försäkringsavtalslag (2005:104).

⁷ Forsikringsavtaleloven, LBK nr 1237 av 09/11/2015.

⁸ Det er språkomsyn som gjer at eg fokuserer på dansk og svensk rett når eg ser til anna nordisk materiale, sjølv om eg ser at tilgangen til svenskspråklege kjelder om finsk rett svekkjer grunnlaget for å ikkje sjå til Finland. Dobbeltforsikringsreguleringa i finsk rett følgjer same utgangspunkt som i Noreg, Sverige og Danmark, sjå lag 543/1994 om försäkringsavtal 59 § og 60 §.

kjelder naturleg. Det kunne også vore aktuelt å gå noko lenger, og søkje å avklare nærare kva likskapar og forskjellar som er mellom dobbeltforsikringsreguleringane i Skandinavia (eller Norden). Eg vil også trekkje vekslar på engelsk og tysk materiale, men då primært for inspirasjon. Komparative undersøkingar vil verte for omfattande i lys av prosjektets omfang elles.

I resten av notatet vil eg gå nærare inn på spørsmål som er relevante å ta opp i tilknytning til kvar av dei tre hovudproblemstillingane eg nemnde ovanfor.

Problemstilling 1: korleis må forsikringskonstellasjonane vere for å innebere dobbeltforsikring?

Etter forsikringsavtalelova § 6-3 har ein dobbeltforsikring når den sikra har fleire forsikringar som dekkjer «samme tap», medan det avgjerande etter sjøforsikringsplanen § 2-6 er at fleire forsikringar dekkjer same «interesse» mot same «fare». Tesen min er at dette går ut på det same, og at ein også kan snakke om dobbeltforsikring etter dei same linjene utanfor forsikringsavtalelova og sjøforsikringsplanen sitt område.

Vilkåra om at forsikringane må ha den same personen som sikra og dekkje den same interessa mot den same faren, inneber at ein ikkje har å gjere med dobbeltforsikring om skade på ein ting utløyser dekning under ein person si tingskadeforsikring og ein annan person si ansvarsforsikring. Her er to ulike personar sikra og to ulike interesser vert dekte. Om to personar har forsikra sine interesser i den same tingen, vil det heller ikkje innebere dobbeltforsikring, sjølv om interessene er av same karakter. Først når same person har vern gjennom fleire forsikringar, til dømes som følgje av eiga forsikring og medforsikring via nokon annan si forsikring, kan det vere snakk om dobbeltforsikring. Men forsikringane treng ikkje å vere av same type eller heilt overlappande. Om ein ting vert skadd på reise, og eigaren har dekning både via innbuforsikringa og reiseforsikringa si, har vi å gjere med dobbeltforsikring. Slike enkle typetilfelle kan ein setje opp mange av, men det interessante er som elles det tvilsame. I denne gruppa finst både typetilfelle som har vore aktuelle lenge, og nye typetilfelle som oppstår ved at nye forsikringsprodukt kjem på marknaden.

I den første gruppa kan vi rekne typetilfelle der ein person har dekning via to tingskadeforsikringar, der den eine er teikna av ein annan person (framandforsikring). I utgangspunktet skal det ikkje ha noko å seie om forsikringane er teikna av ulike personar, så lenge den same personen er sikra under begge forsikringane. Utfordringa kjem der personen

som har teikna framandforsikringa, er ansvarleg skadegjerar bak forsikringstilfellet. Vil det også i dette tilfellet vere riktig å nytte dobbeltforsikringsregelen, eller er det grunn til å gjere unntak og kanalisere tapet til skadegjerarens forsikring? Det handlar dels om kven av partane som skal finansiere tapsdekninga i slike tilfelle, dels samspelet mellom ulike typar ansvars- og tapsfordelingsreglar.⁹ Liknande spørsmål oppstår også der forsikringane er teikna av den same personen, men den eine forsikringa dekkjer tapet gjennom primærdekninga, og den andre dekkjer tapet etter reglane om dekning av redningskostnader.¹⁰

Eit døme som illustrerer at nye forsikringsprodukt leier til nye spørsmål, er spørsmålet om bustadseljarforsikringa (som sikrar seljaren i tilfelle han vert ansvarleg overfor kjøparen for manglar ved bustaden) og hans bustadforsikring dekkjer same tap når mangelen skuldast at bustaden har ein skjult skade.¹¹

Målet mitt med analysane knytt til spørsmålet om kva forsikringskonstellasjonar som inneber dobbeltforsikring, er å klarleggje utgangspunkta for vurderinga av kva dobbeltforsikring er og å pensle ut fleire retningslinjer for vurderinga av om forsikringane dekkjer same tap. Sidan typetilfella er svært ulikearta, er ikkje målet å nå fram til nokon slags test eller formel som kan nyttast for å svar i alle tilfelle. Det synest meir realistisk å sikte lågare, og «berre» søkje å nå kunnskap som gjer at ein i framtida har noko meir rettleiing til vurderingane av om spesifikke forsikringskonstellasjonar inneber dobbeltforsikring enn kva vi har i dag .

⁹ Slike spørsmål har vore mykje drøfta knytt til tilfelle der ein næringsdrivande får inn ting for reparasjon, vask eller liknande, sjå Phillips Hult, «Om kollisioner mellan egenförsäkring och tredjemansförsäkring» *Nordisk forsikringstidsskrift* 1933, s. 257–274; Henning Nehammer, «Om kollision mellem egen- og tredjemandsforsikring» *Ugeskrift for retsvæsen* 1951, s. 284–289 (U.1951B.284); A. Drachmann Bentzon og Knud Christensen, *Lov om forsikringsaftaler : Nr. 129 af 15. april 1930 : Med bemærkninger og sagregister*, 1. del : §§ 1–58, 2. utg., G. E. C. Gads forlag 1952 s. 256 og 257; Jan Hellner, *Försäkringsgivarens regressrätt*, A.-B. Lundequistska bokhandeln 1953 s. 152–159. Eit anna typetilfelle som kan trekkjast fram, er der hovudentreprenøren teiknar ansvarsforsikring som underentreprenøren vert medforsikra under, samstundes som underentreprenøren har si eiga ansvarsforsikring, sjå mellom anna Jan Einar Barbo, «Entreprisekontrakter og forsikrin», *Norsk forsikringsjuridisk forenings publikasjoner*, nr. 70, 1996, s. 17–18, som heldt fram at det kanskje var meir nærliggande å nytte lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning § 5-3, som regulerer ansvaret for skade gjort av fleire.

¹⁰ Sjå Hans Jacob Bull, *Forsikringsrett*, Oslo 2008, s. 465, som tek til orde for at forsikringsavtalelova § 6-3 ikkje kan nyttast på dette typetilfellet, og at ein i staden må nytte ein parallell til sjøforsikringsplanen § 2-7 tredje ledd, slik at tapet vert kanalisert til den forsikraren som er ansvarleg på grunnlag av redningskostnadsdekning.

¹¹ Spørsmålet er drøfta i Trine-Lise Wilhelmsen, «Forsikring og regress ved salg av bolig», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og trygderett* 2018, s. 108–137 på s. 121 – 124. Wilhelmsen kjem til at forsikringskonstellasjonen ikkje inneber dobbeltforsikring, men at det i fråvære av avklaring i rettspraksis heftar usikkerheit ved resultatet, sjå s. 124.

Problemstilling 2: korleis kan ein gjennom utforminga av den enskilde forsikringsavtala unngå dobbeltforsikring eller påverke korleis tapet skal fordelast mellom forsikringsselskapa som er ansvarlege som følgje av dobbeltforsikring?

Sidan dobbeltforsikring inneber at den sikra har meir omfattande forsikringsdekning enn han kan utnytte, fører dobbeltforsikring til unødvendige premieutgifter. Regressoppgjeret leier på si side til auka kostnadar for forsikringsselskapa. Dette leier oss til spørsmålet om korleis ein kan unngå dobbeltforsikring. På den andre sida kan det synest økonomisk gunstig for eit forsikringsselskap å ta imot premie for å gje dekning, men ha høve til å velte tapet over på eit anna selskap. Det leier til spørsmål om tilgangen til å påverke tapsfordelinga, utan å unngå dobbeltforsikringa (evt. utan å unngå dobbeltforsikringa heilt).

Den i utgangspunktet enklaste måten å unngå dobbeltforsikring, er å avgrense forsikringas dekningsfelt slik at objekt, farar, tidsrom eller anna som vert dekt av forsikring A, vert gjort unntak for i forsikring B. Omsynet til å unngå hol i dekninga, gjer det mest nærliggande å nytte denne tilnærminga med auge for allereie eksisterande forsikringsdekning, som partane også er sikre på at vil halde fram å vere i kraft.

Sidan hol i dekninga kan vere vel så gale som overlapp, kan det synest meir tenleg å nytte vilkår som reduserer forsikringsansvaret berre i tilfella der den sikra også har ei anna forsikring som dekkjer det aktuelle tapet. Eit slikt vilkår kan innebere liten risiko for den sikra og stor vinning for selskapet som tek inn vilkåret i sitt forsikringsprodukt. Det andre forsikringsselskapet kan derimot synest som ein tapar i denne situasjonen. Det kan også tenkjast å variere kor godt samsvar det er mellom betydninga vilkåret har for selskapet og premiereduksjonen forsikringstakaren oppnår. Dette legg til rette for mange interessante spørsmål. Nokre av dei kan skisserast her.

Den norske forsikringsavtalelova set av omsyn til den sikra forbod mot ansvarsfråskrivningar i forbrukar- og smånæringsforsikringar.¹² Den sikra sin valrett vert altså verna. Spørsmålet er kva vilkår som skal reknast som ulovlege ansvarsfråskrivningar. I svensk rett har det vore eksplisitt aksept for at forsikringsdekningar under særskilte omstende vert *utvida* til vern for tredjemenn i tilfella dei ikkje har eiga forsikringsdekning.¹³ Er det tilgangen til tilsvarande

¹² Forsikringsavtalelova § 6-3 jf. § 1-3.

¹³ Prop. 2003/04:150 s. 441 E. Jacobsson, *Några problem i försäkringsavtalslagen hämtade ur försäkringsbolagens erfarenheter*, Försäkringsjuridiska föreningens publikation nr. 9, Stockholm 1952, s. 15–16
Jan Hellner, *Försäkringsrätt*, Försäkringsjuridiska föreningens publikation nr. 15, 2. utg., Stockholm 1965, s. 262
Karl Annell, «Dubbelförsäkring enligt FAL», *Nordisk forsikringstidsskrift* 2003, s. 259–271, på s. 268–269.

vilkår i norsk rett, og kvar skal ein i så fall trekkje grensa mellom forbodne ansvarsfråskrivningar og tillatne vilkår?

I større næringsforsikringar opnar forsikringsavtalelova for ansvarsfråskrivningar. Det gjer også sjøforsikringsplanen. Men medan sjøforsikringsplanen § 2-6 andre ledd forpliktar selskapet til å trass ansvarsfråskrivninga dekkje eventuelt tap den sikra ikkje får dekt gjennom andre forsikringar, noko som også følgde av lov 6. juni 1930 nr. 20 om forsikringsavtaler § 43 første ledd første setning, går det ikkje fram nokon slik skranke for ansvarsfråskrivninga etter dagens forsikringsavtalelov. Lyt ein slik skranke tolkast inn, og kor omfattande er han i så fall?

Dei vilkåra som så langt har vorte nemnde, hindrar klart nok at dobbeltforsikring oppstår. Men kva dersom forsikringstakaren og selskap A inngår ei avtale med eit vilkår om at A, etter å ha betalt erstatning, har krav på å overta den sikra sine krav mot andre selskap som eventuelt også er ansvarlege for å dekkje tapet? Vilkåret kan kallast for subrogasjonsklausul.¹⁴ Ei antitetisk tolking av forsikringsavtalelova § 6-3 andre ledd tilseier at det ikkje er tilgang til å treffe slike vilkår innanfor forsikringsavtalelova sitt verkeområde. Spørsmålet kom opp i Oslo tingretts dom i 15-092357TVI-OTIR/03, der eit bustadseljarforsikringsselskap gjorde gjeldande at det via ein subrogasjonsklausul hadde tredd inn i forsikringstakarens posisjon etter bygningsskadeforsikringa.¹⁵ Dette fekk ikkje medhald, men grunngjevinga var ei anna enn den eg har skissert. Domstolen peika i staden på at ein ved å leggje vekt på klausulen venteleg ville sjå at alle selskapa tok inn tilsvarande klausular og ein dimed ville vere komne like langt eller kort.¹⁶ Grunngjevinga synest ikkje tilfredsstillande,¹⁷ og det er grunn til å undersøke spørsmålet nærare.¹⁸ Sidan subrogasjonsklausulen tilsynelatande ikkje hindrar at dobbeltforsikring oppstår, kan det synest å oppstå spørsmål knytt til forbodet mot avtaler til tredjemanns ugunst. Har den gjensidige dobbeltforsikringsregressen *vern*, slik at kombinasjonen dobbeltforsikring, men einsidig regress inneber eit inngrep i rettane til det

¹⁴ Slik Trine-Lise Wilhelmsen, «Forsikring og regress ved salg av bolig», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og trygderett* 2018, s. 108–137 på s. 120.

¹⁵ Oslo tingretts dom 26. mai 2016 (sak nr. 15-092357TVI-OTIR/03), sjå s. 3 om saksøkjarens påstandsgrunnlag.

¹⁶ Oslo tingretts dom 26. mai 2016 (sak nr. 15-092357TVI-OTIR/03), s. 10. Dommen er rettskraftig. Grunngjevinga er kritisert, sjå Trine-Lise Wilhelmsen, «Forsikring og regress ved salg av bolig», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og trygderett* 2018, s. 108–137 på s. 127.

¹⁷ Slik også Trine-Lise Wilhelmsen, «Forsikring og regress ved salg av bolig», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og trygderett* 2018, s. 108–137 på s. 127.

¹⁸ Om det stemmer at forsikringsavtalelova § 6-3 andre ledd gjev ei absolutt stengsle, er det forsikringsavtaler som ikkje er underlagt verken forsikringsavtalelova eller sjøforsikringsplanen som er relevant å knyte undersøkingane til. Sjøforsikringsplanen § 2-7 tredje ledd opnar nemleg for den aktuelle typen atterhald, sjå Sjøforsikringsplanen 2019s motiv s. 38.

selskapet som vert sitjande att med heile tapet, eller står forsikringstakaren og det einskilde selskapet fritt til å inngå avtaler som inneber dobbeltforsikring utan dobbeltforsikringsregress? Ein annan måte å stille spørsmålet, er å spørje kva som skal vere samanlikningsgrunnlaget når ein vurderer om avtala er til det andre selskapets ugunst; Skal ein samanlikne med situasjonen det andre selskapet trur vedkomande er i (altså at selskapet er einaste selskap som vil vere ansvarleg for tapet), eller situasjonen selskapet ville vore i om den andre ansvarlege ikkje hadde teke inn ein subrogasjonsklausul i vilkåra sine (altså at tapet skulle utliknast samhøveleg mellom selskapa)? På eit meir generelt plan kan det også trekkjast linjer til Ussing og Augdahl sin vesle diskusjon om kreditorens tilgang til å «blande seg» i debitorane sine innbyrdes forhold i form av å på avtaletidspunktet syte for at den eine debitoren skulle få full regress mot den andre.¹⁹ I alle fall i kausjonsretten synest det å vere tilgang til å gje den sist forplikta debitoren (kausjonisten) rett til full regress mot ein tidlegare forplikta debitor (kausjonist).²⁰ Er det generell tilgang til å gjere slike avtaler, eller er det snakk om avgrensing til særskilte typetilfelle? I det siste tilfellet er det interessant å undersøkje kva det er ved typetilfella som opnar for slik tilgang. Det ville vorte for omfattande å sjå på alle tenkelege typetilfelle, men eg trur det kan vere fruktbart å sjå på særtrekk ved dobbeltforsikringsansvaret og samanlikne med utvalde andre typar solidaransvar.

Så langt har eg nemnt tilpassingar som gjerast i den einskilde forsikringsavtala, men det er også grunn til å nemne verktøy som ligg *utanfor* dei einskilde forsikringsavtalene. Når fleire aktørar samhandlar, kan dei ved å regulere ansvar og risiko seg imellom påverke trongen for forsikringsdekning. Knock for knock-prinsippet er illustrerande. Gjennom ansvarsfråskrivningar, regressavkall og avtaler om at A skal halde B skadeslaus om B vert møtt med erstatningskrav som eigentleg høyrer heime i A sitt risikofelt, syter partane for at skaden vert der den råkar og gjer at dei ikkje treng tenkje på ansvarsforsikring til å dekkje eventuelt erstatningsansvar dei pådreg seg overfor kvarandre.²¹

Sidan overlapp mellom tingskadeforsikring og ansvarsforsikring ikkje inneber dobbeltforsikring, er ikkje knock for knock-prinsippet direkte relevant for mitt prosjekt. Det

¹⁹ Sjå Henry Ussing, *Obligationsretten : almindelig del*, 4. utg. revidert optrykk ved A. Vinding Kruse, Juristforbundets forlag 1967 s. 17 og Per Augdahl, *Den norske obligasjonsretts almindelige del*, 5. utg., H. Aschehoug & co 1978 s. 385.

²⁰ Sjå t.d. Carsten Smith, *Garantikrav og garantistvern : Garantirett III*, 2. utg., Universitetsforlaget 1981, s. 404–405 og Kåre Lilleholt, *Kontraktsrett og obligasjonsrett*, Cappelen Damm 2017, s. 533.

²¹ Sjå nærare om knock for knock-prinsippet mellom anna i Hans Jacob Bull, *Tredjemannsdekninger i forsikringsforhold*, Sjørettsfondet 1988 s. 346 flg.

har primært betydning for å kaste lys over tilhøvet mellom ansvarsfordeling og trongen for forsikringsdekning, og moglegheita for å påverke kva forsikringsdekning som trengs gjennom avtaler med kontraktspartar om kven som har ansvaret for kva og eventuelt også kven som skal forsikre kva. Med dette bakteppet kan det mellom anna vere aktuelt å sjå nærare på forsikringsdekninga av entreprisar. Ofte har partane i ein entreprise plikt til å teikne ulike slags forsikringar. Om kvar underentreprenør forsikrar sitt arbeid, vil ein ha pyramidisert forsikringsdekning der kvar del av prosjektet er forsikra fleire gongar.²² Så lenge den same personen ikkje er sikra under fleire av forsikringane, har ein ikkje å gjere med eigentleg dobbeltforsikring, men problemet med unødvendige premieutgifter kan gjere seg tilsvarende gjeldande likevel. Om også andre med interesse i arbeidet vert medforsikra, kan vi snakke om dobbeltforsikring i den tydinga eg nyttar i prosjektet. Som nemnt ovanfor kan det også vere snakk om overlappende ansvarsforsikringar. Der nemnde overlapp mellom forsikringar hovudentreprenøren og underentreprenøren har teikna, men også byggherren kan vere interessert i å teikne forsikringar som dekkjer aktørane erstatningsansvar. Byggherren veit til dømes at dei ulike aktørane i prosjektet har kvar sine ansvarsforsikringar, men er usikker på om desse ansvarsforsikringane også vil gje dekning ved anonyme feil, og teiknar difor ei forsikring som skal dekkje alle aktørane erstatningsansvar, inkludert i tilfella der det er ukjent kva for ein av aktørane som står bak skaden.²³ Kunne den naudsynte forsikringsdekninga vorte nådd utan at aktørane laut betale for unødvendig forsikringsdekning?²⁴

Problemstilling 3: korleis skal tapet fordelast mellom dei ulike forsikringsselskapa?

Trass vinklinga i førre punkt, ser eg det ikkje som realistisk at ein heilt unngår dobbeltforsikring. Spørsmål kring tilgangen til regress mellom forsikringsselskapa som er ansvarlege for same tap, omfanget av regresskravet og gjennomføringa av regressen er dimed

²² Sjå t.d. Harald Ullman, *Försäkring och ansvarsfördelning : Om förhållandet mellan försäkring och kommersiella leverans- och entreprenadavtal*, Version II, lustus 2006, s. 180 om pyramidisering

²³ Faktum i LB-2008-193104 illustrerer at det kan kome til nytte at byggherren teiknar forsikring til dekning av rådgjevarane ansvar – fordi dei ulike rådgjevarane sine ansvarsforsikringar gjorde unntak for skade gjort av andre oppdragstakarar, og skaden skuldast anonyme feil, var det berre ansvarsforsikringa byggherren teikna som gav dekning.

²⁴ Dobbeltforsikring i samband med entreprisar er tidlegare mellom anna behandla av Harald Ullman, t.d. *Försäkring och ansvarsfördelning : Om förhållandet mellan försäkring och kommersiella leverans- och entreprenadavtal*, Version II, Uppsala (2006), Svein Å. Bergset, «Forsikring i entrepriseforhold» i *På rett grunn II : Festskrift til Norsk Forening for Bygge- og Entrepriserett*, Lasse Simonsen; Jan Einar Barbo; Herman Bruserud (red.), Gyldendal 2021, s. 413–449.

også naudsynt å sjå nærare på. Det er særleg i denne delen av avhandlinga at eg tenker det er stort potensiale for å trekkje linjer til den generelle obligasjonsretten.

Utgangspunktet er at tapet skal utliknast samhoveleg ut frå kvart selskap sitt ansvar overfor den sikra.²⁵ Sjølve reknestykket kan vere enkelt å setje opp, men bak det enkle utgangspunktet er det eit vell av vanskelege utreknings spørsmål.²⁶ Kva skal til dømes reknast som tapet når det er avtalt taksert forsikringsverdi i den eine forsikringsavtala, men ikkje den andre, slik at tapet vert vurdert til ulik storleik knytt til kvar av forsikringsavtalene?

Dei viktigaste spørsmåla ligg like fullt på andre plan. Ei gruppe slike spørsmål, er korleis det indre ansvaret vert påverka av dei ulike typane vilkår og kontraktsverktøy som kan nyttast i den einskilde forsikringsavtala for å påverke selskapets ansvar og sluttplassinga av tapet.²⁷ Dette gjeld særleg der begge selskapa har teke inn slike atterhald – til dømes at begge har teke atterhald om å vere fri for ansvar om der er anna forsikring, eller at det eine har teke atterhald om å vere fri for ansvar, medan det andre har teke atterhald om å berre svare for sin samhovelege del av tapet overfor den sikra.

Ein er heller ikkje ferdig med spørsmåla når ein har kome fram til det interne ansvarstilhøvet mellom selskapa og konkludert med at tilhøvet mellom kvart selskaps utbetalingar til den sikra ikkje er i samsvar med det interne ansvarstilhøvet. Særleg viktig er spørsmål om kva innvendingar det regressøkte selskapet kan fremje mot det selskapet som krev regress. Kan selskap A krevje regress frå selskap B også etter at B har vorte fri for ansvar overfor den sikra som følgje av hans pliktbot, preklusjon osv.?²⁸ Dette handlar om regresskravets kravsegenskapar, til dømes om det er avleia eller sjølvstendig. Omsynet til at kreditoren (den sikra) ikkje skal kunne påverke tapsplassinga, kjem inn med styrke, og vil i mange tilfelle tilseie at det betalande selskapet har rett til å krevje regress frå det andre selskapet, så lenge det selskapet som vart kravd regress frå var ansvarleg då forsikringstilfellet skjedde, eventuelt då den sikra kravde erstatning frå det selskapet som no krev regress.²⁹ Men kor langt rekk dette?

²⁵ Forsikringsavtalelova § 6-3 andre ledd og sjøforsikringsplanen § 2-7 første ledd.

²⁶ Jf. Svante Johansson, *Varuförsäkringsrätt*, Jure förlag 2004 s. 426 om at det «inte [är] svårt att konstruera mycket komplicerade exempel».

²⁷ Det er klart at selskapa seg imellom kan gjere avtale om den innbyrdes fordelinga av tapet. Eg avgrensar mot desse avtalene – det interessante er kva som kan gjerast via vilkår i den einskilde forsikringsavtala.

²⁸ Högsta domstolen tok stilling til eitt slikt typetilfelle i dommen innteke i NJA 2019 s. 788. At den sikra ikkje hadde overhalde plikta til å varsle selskap B om forsikringstilfellet, slik at selskap Bs ansvar overfor den sikra hadde falle vekk, fritok ikkje B frå å innfri selskap As krav om dobbeltforsikringsregress.

²⁹ NJA 2019 s. 788 er illustrerande.

Disposisjon for avhandlinga (i korte trekk)

1. Opptakt
 - 1.1. Om utfordringar knytt til dobbeltforsikring. Presentasjon av hovudproblemstillingane.
 - 1.2. Kort om forsikring, solidaransvar, regress. Dobbeltforsikring og dobbeltforsikringsregress som ein særskilt type solidarisk ansvar og -regress, potensialet for å trekkje vekslar på den generelle obligasjonsretten.
 - 1.3. Historisk bakteppe. Endra forsikringsmarknad.
 - 1.4. Kjeldetilfang og særskilte metodiske problemstillingar.
2. Kva er dobbeltforsikring?
 - 2.1. Klargjering av utgangspunkt og retningslinjer for vurderinga av om forsikringskonstellasjonar inneber dobbeltforsikring. Dette vert gjort gjennom analyse av ulike typetilfelle, med ein gjennomgang som startar med typetilfelle som har relativt sikre løysingar og held fram med stadig vanskelegare typetilfelle.
3. Kontraktsverktøy for å unngå dobbeltforsikring
 - 3.1. Tilpassing av forsikringsavtala med auge for den andre forsikringa
 - 3.1.1. Komplementært utforma dekningsfelt
 - 3.1.2. Excess-klausular/toppdekning
 - 3.2. Vilkår om ansvarsfråskrivning dersom der er andre forsikringar
 - 3.2.1. Bortfall av forsikringsavtala.
 - 3.2.2. Ansvarsfråskrivning så langt den andre forsikringa gjev dekning
 - 3.2.3. Full ansvarsfråskrivninga, utan omsyn til den andre forsikringas dekning
 - 3.2.4. Pro rata-klausular
 - 3.3. Avtaler om risiko, ansvar og forsikringsplikt som verkemiddel for å unngå unødvendig dobbeltforsikring.
4. Tapsfordelinga mellom selskapa – regressrunden
 - 4.1. Den interne ansvarsfordelinga mellom selskapa
 - 4.1.1. Kva inneber det at tapet skal utliknast samhøveleg etter omfanget av kvart selskaps ansvar? Illustrert ved ulike variasjonar i selskapas ansvar.
 - 4.1.2. Korleis vert tapsfordelinga i tilfella der ei av eller begge forsikringsavtalene har søkt å unngå dobbeltforsikring gjennom ansvarsfråskrivningar eller teke inn vilkår i avtalen som var mynta på å påverke tapsfordelinga?
 - 4.2. Føresetnadar for regresskravet
 - 4.2.1. Kva tid må selskap B vere ansvarleg for tapet for at selskap A skal ha rett til dobbeltforsikringsregress etter å ha dekt den sikra sitt tap? I kva tilfelle og evt. korleis vert retten til dobbeltforsikringsregress påverka av at selskap B vert fri for ansvar overfor den sikra før A krev regress?
 - 4.2.2. Kort om kva reglar som gjeld i staden for dobbeltforsikringsreglane når det betalende selskapet ikkje var ansvarleg, og kva desse leier til. (Dette er viktig for å gje eit bilete av kva risiko selskapet spring ved å forskottere erstatningsutbetalinga ved tvist om kva selskap som er ansvarleg, eventuelt å betale full erstatning til den sikra utan å undersøke om også andre selskap er ansvarlege for tapet, trass i at selskapet har teke vilkår om ansvarsfråskrivning i tilfelle dobbeltforsikring.)